



Prosjektarbeid om berekraftig utvikling

APRIL 2019



Guri Langholm
NATURFAGSENTERET, UNIVERSITETET I OSLO

LESEOPPDRAG

Les artikkelen. Reflekter over prosjektarbeid de har hatt tidlegare:

- På kva måte var desse prosjektarbeida eigna til å fremme forståing for berekraftig utvikling?
- Korleis kunne desse prosjekta vore justerte for betre å fremme forståing for berekraftig utvikling?

Ta notat, og ta desse med til *B – Samarbeid*.

Å jobbe med prosjektarbeid er ein god måte å lære om berekraftig utvikling i barnehagen på.

Prosjekt i barnehagen kan og skal vere forskjellige frå gong til gong – i og med at dei skal involvere forskjellige barn med ulike interesser. Naturfagsenteret har fått mange forskjellige fugleprosjekt beskrivne gjennom søknadar til Forskarfrøprisen. Fleire av desse prosjekta har vunne pris, og under følger eit eksempel på det. Alice Kjær (2016) formidlar i boka si *Prosjektarbeid i barnehage – fra fascinasjon til fordypelse* at ho har deltatt på fleire prosjekt med ender som tema – og at alle har vore ulike. Vi har latt oss inspirere av arbeidet hennar.

1. Prosjektet bygger på interessene til barna.

Felles for prosjektarbeid som er sende inn til Forskarfrøprisen er at dei bygger på interesser til og spørsmål frå barna. For eksempel «Hva skjer hvis hoggormen biter seg selv i tunga?» og «Hvor kommer eggene fra – kan ikke vi ha høner i barnehagen?» Prosjekta opnar for ulike forklaringar som barna har og inviterer til utforskning av desse.

2. Prosjektarbeidet er i ei gruppe som får jobbe saman om eit tema.

Prosjektarbeidet er ein prosess som går over tid der interessene til barna avgjer om og når det skal avsluttast eller gå over i eit nytt tema. På neste side viser vi eit prosjekt som langt på veg var leia av barna sjølve.

3. Prosjektet blir dokumentert pedagogisk.

Hensikta med dokumentasjonen er å føre prosessen vidare. I starten av prosjektet er verken barn eller vaksne sikre på kvar det hele skal hamne, men det betyr ikkje at dei tilsette ikkje påverkar prosessen. Ein grundig dokumentasjon av det som opptar barna kan vere nyttig. Dokumentasjonsforma kan variere mellom foto, film, praksisforteljingar, teikningar eller andre kreative uttrykksformer. I rammeplanen står det at berekraft skal ligge til grunn for alle prosjekt og pedagogisk arbeid i barnehagen. Miljøspørsmål er ifølge Klafki (2005)

nøkkelspørsmål i tida vår og bør ha forrang i arbeidet til barnehagen. Forrang betyr her fortrinn eller prioritet – i denne sammenhengen i val av innhald og aktivitetar i barnehagen.

4. Prosjektet bygger på ein heilskapleg pedagogikk med tverrfagleg tilnærming.

Uansett tema er det i god barnehagetradisjon å nærme seg tema frå ulike fagområde, tverrfagleg. Eit fugleprosjekt blir dokumentert gjennom ulike uttrykksformer og barneforteljingar. Kva finn vi av kunnskap og historier i litteraturen? Kva for lydar lagar fuglen og kvifor snakkar dei? Korleis påverkar dette den dramatiske leiken til barna – er det noko her vi skal følge vidare?

5. Dei tilsette vekslar mellom ulike posisjonar.

Medverkinga til barna er stor i dei prosjekta vi har fått til Forskarfrøprisen. Dei tilsette vekslar mellom å utfordre barna og å vere tilbaketrekte og lyttande. Frå å styre samtalane i barnegruppa til å dokumentere det som blir sagt.

Kva kan få eit prosjektarbeid til å fremme berekraftig utvikling?

Det kan vere ulike faktorar som gjer at eit prosjekt fremmer forståing for berekraftig utvikling, for eksempel:

- a. erfaring med demokrati og demokratiske prosessar
- b. fremme evne til kritisk tenking
- c. erfaring med natur- og kulturverdiar
- d. kjennskap og omsorg for andre menneske og natur

Demokratiske prosessar i barnehagen er viktig for å kunne komme fram til beslutningar i eit prosjekt som er etablert av og i eit fellesskap. Vidare kan desse demokratiske prosessane synleggjere eit sett med verdiar som er viktige i berekraftssamanheng: yringsfridom, rettferd, toleranse, solidaritet og menneskeverd (Kasin, 2019).

Nokre prosjekt anerkjenner særleg nysgjerrigheita til barna, kreativitet og utforsking av forklaringane til barna. Kva for aktivitetar gjer at barna kanskje får ei forståing for at dagens handlingar får konsekvensar for framtida.

Eit eksempel på prosjektarbeid om berekraftig utvikling – frå egg til kylling

Prosjektet er beskrevet her av assisterende styrar **Heidi Buvang** i Tusseladden friluftsbarnehage:

Prosjekt «egg til kylling» har vore ei spennande og lærerik reise for barn og vaksne. Mi erfaring med metoden «barn som prosjektleiarar» er kopla på alle dimensjonar innanfor berekraft. Sjølve arbeidsmetoden trent barna i demokratiske prosessar. Den økologiske dimensjonen gjenspeglar seg i å lære om syklusar i naturen. Barna var med i heile prosessen frå den dagen vi henta befrukta egg, til vi sjølve kunne hente egg i eige hønsehus. Vi produserte eigen økologisk mat i kjøkkenhagen som både vi og kyllingane kunne ete (blomsterstengelen til gulrot, skrell frå grønsakar m.m.). Barna laga rutinar for matsortering i barnehagen. Maten barna ikkje greidde å ete opp frå måltida, kunne brukast igjen til kompost, meitemarken Pelle Jøns eller til kyllingane. Resultatet blei at matsøppelmengdene gjekk ned. Barna blei svært dyktige i å sortere matsøppel. Dei laga ein miljøstasjon der søppelsortering blei sett i system, og der resirkulering og gjenbruk var sett i fokus. Ei vidareføring av prosjektet har vore å sortere ut glas og metall, gjenbrukskartong og panteflasker. For panteflaskene fekk vi pengar som blei brukt til ulike innkjøp som barna var med på å bestemme over. Dette inngår i den økonomiske dimensjonen av berekraft. Den sosiale dimensjonen blei synleg gjennom fokuset på norsk mattradisjon og haustekultur. Barnehagen arrangerte haustmarknad i september der alle føresette blei inviterte til fest. Mat og drikke som blei servert, var laga av barna sjølve, og målsettinga i forkant av festen var å hauste frå naturen rundt oss. Barna hadde laga mat av sopp og bær frå skogen, laga saft av blomar og bær, kjøttsuppe av grønsakar frå eigen hage, bakt flatbrød, lagd eige potetgull og laga ulik mat av egg frå eigen hønsegard o.l. Inngangspengane frå festen gjekk til FORUT barneaksjon, som også bidrog til å bli kjent med andre kulturar og tradisjonar. På denne måten knytte vi saman det nære og lokale med det globale.

Vi erfarte at ved å bruke plantene, meitemarken og kyllingane som eksempel så reflekterte barna over egne behov for å vekse og ha det bra. Omsorga for planter og dyr blei synleg, og forståinga for korleis ting heng saman blei konkrete erfaringar hos barna. Barna fekk erfaring innanfor biologisk mangfald, at økologisk dyrking er vern av jorda vår, som trugast med forureining. Eit eksempel frå Pia på 5 år, som studerte ei plante som hadde vakse frå frø til ei plante på 3 centimeter: Pia hadde planta frøa sjølv, gitt planta si lys, gjødsel og vatn.

Barnehagelæraren spurde: Korleis trur du planta har det?

Pia: Ho har det bra, sånn som meg.

Barnehagelæraren: Korleis kan du sjå at ho har det bra?

Pia: Ho veks og så passar eg på ho kvar dag.

Barnehagelæraren: Kva treng du for å ha det bra?

Pia: Eg treng at nokon hjelper meg, at eg får mat og klær.

Barnehagelærarens haldningar og handlingar er essensielle for at barn skal bli aktørar for berekraft. Eit eksempel som illustrerer dette, er guten som var prosjektleiar for resirkuleringa i barnehagen. Han var opptatt av at plastposar ikkje var bra for naturen, og at plast skulle sendast til resirkulering (f.eks. panteflasker). Korleis kunne panteflaskene bli frakta frå barnehagen til butikken utan å bruke plastposar? Prosjektleiar var dedikert til denne utfordringa og prøvde ut trillebår, sykkelvogn, tøyposar og pulk på vinteren. Ein dag foreslo eg å pante flasker på butikken og skulle ta med meg prosjektleiaren og tre andre barn på butikken. Tøyposane vi vanlegvis brukte, fann vi ikkje. Mitt forslag var at vi denne eine gongen kunne bruke plastposar. Dette blei blankt avvist av prosjektleiaren, som grunngav det med at det ikkje var bra for miljøet. Prosjektleiaren i dette eksemplet har blitt ein aktør for berekraft, der haldning og handling er internalisert i medvitet til barnet. Guten ville ikkje gjere eit kompromiss med å bruke plastposar denne eine gongen. Han visste at plast ikkje var bra for naturen. Eksemplet viser også at barn kan vere gode ambassadørar for å utføre berekraftige handlingar.

Prosjektet er ytterlegare beskrive i boka *Bærekraft i praksis i barnehagen*. Heidi Buvang tilføyer her:

Mange synest at det er vanskeleg å jobbe med berekraft med dei yngste barna. Mi erfaring er å tenke langsiktig med berekraft og få inn dei gode vanane frå dei byrjar i barnehagen. Kva er det vi gjer i kvardagen med dei som er 1 og 2 år som kan setje eit berekraftig spor? Jo, når barna vaskar hendene sine, blir dei rettleia til å ta ein runde med såpe på hendene og eitt tørk med papir som kastast i søppelbøtta etterpå. På denne måten lærer dei yngste barna å ha ein vane om måtehald. Og når barna på 1- og 2-årsavdelinga har ete yoghurt, la dei skylje begeret sjølve og lære at plast skal i den blå posen for å kunne resirkulerast vidare. Alle desse små kvardagslege vanehandlingane er ei spe byrjing for berekraftige handlingsmønster for barna.

Referanser

Buvang, H. (2019). Barn som prosjektledere og aktører for bærekraft. I V. Bergan & K.E.W.

Bjørndal (Red.). *Bærekraft i praksis i barnehagen* (s. 67-83). Oslo: Universitetsforlaget.

Kasin, O.(2019). *Bærekraftig utvikling*, pedagogiske tilnærminger i barnehagen. Bergen: Fagbokforlaget

Kjær, Alice (2016) Prosjektarbeid i barnehagen, fra fascinasjon til fordypelse. Oslo: Cappelen Damm.

Klafki. W.(2001). *Dannelsesteori og didaktikk - nye studier*. Århus: Klim.